

Årsmelding for Hordaland Mållag mars 2017 - mars 2018

Årshjulet til Hordaland Mållag starta denne gongen på Voss, der årsmøtet gav målprisen til Myrkdalen Fjellandsby. Me høyrde og innleiing frå Arvid Langeland, som på denne tida ferdigstilte den nye ordlista han hadde jobba lenge med.

Etter valet på årsmøtet såg styret slik ut: Astrid Olsen (leiar), Solveig Grønlien (nestleiar) Ingrid Hovstad (kasserar), Arild Reigstad (styremedlem), Sahra Torsvik (styremedlem). Varafolk har vore: Lars Fjeldstad, Bjørg Ele Eide, Øyvind Heitmann, Marta Nagel Alne og Silje Namtvedt.

Skulemålsleiar: Oddvar Skre, mållovsansvarleg: Erlend Bakke, næringslivsansvarleg: Øystein Skjævelland. I skulemålsnemnda elles sat Hallgeir Dale, Ragnhild Kvifte, Håkon Remøy (som vart erstatta av vara Øystein Sandve då Håkon flytta til Island) og Erlend Bakke. Varafolk har vore Mona Stormark, Øyvind Heitmann og Johanne Telnes Instanes. Valnemnd: Øystein Skjævelland, Johannes Sekse frå Ullensvang og Håkon Remøy.

Ein ny **skulemåloffensiv** vart hovudsaka frå dette årsmøtet. Dette har auka intensiteten i skulemålsarbeidet i fylket.

Ikkje lenge etter årsmøtet fylgde **Bergenskonferansen** som og handla mykje om opplæringsmål. UiB var medtilskipar denne gongen, i lag med HM og Bergen Mållag som har teke initiativ til Bergenskonferansen. Hendinga finn stad kvar vår det ikkje er landsmøte i Noregs Mållag. Mange universitets- og høgskulefolk vitja konferansen denne gongen i lag med målfolk frå heile landet.

20. april hadde me eit strategi- og planmøte, der alle mållaga i fylket var inviterte. Skulemålsnemnda og skrivaren i NM, Ingar Arnøy, var til stades. Dette sette i gang skulemåloffensiven og retta særleg arbeidet inn mot å få foreldre til komande fyrsteklassingane til å velja nynorsk. Her vart det ført strategiske diskusjonar og lagt ei detaljert handlingsskisse både for korleis satsingsarbeidet mot nye nynorskfyrsteklassingar skulle startast opp dette året, så vel som korleis dette kan gjerast som eit standardisert opplegg kvart år framover.

Prosjektmedarbeidaren til Hordaland Mållag, Live Havro Bjørnstad, har vore svært aktiv i dette arbeidet, og prosjektarbeidet kan elles skisserast opp slik:

Det har vore eit innhaldsrikt år for prosjektmedarbeidaren i Hordaland Mållag. I fylkeslaget har det vore mykje aktivitet og fleire større målsetnader å fylgja opp arbeidet rundt. Etter kvart som laget og prosjektmedarbeidaren har vorte betre kjende, har også det daglege praktiske organisasjonsarbeidet vorte enklare å handsama i fellesskap.

Oppfølging av sentrale fylkeslagsprosjekt i har stått sentralt i stillinga sidan førre årsmøte. Der vedtok ein mellom anna ei satsing mot foreldre til komande fyrsteklassingar i språkdelte område, for å prøva å auka medvititet kring val av hovudmål og å få fleire til å velja nynorsk for borna sine. I samband med aksjonsarbeidet som vart sett i gang knytt til dette, har det i

stor grad vore prosjektmedarbeidaren si oppgåve å vera ein slags arbeidssentral, der dei ulike aktørane har kunna levera og henta oppdatert informasjon. I tillegg har prosjektmedarbeidaren hatt ansvaret for den daglege innsatsverksemda og teke tak i oppgåvene det ikkje har vore lagleg for dei skulemålsengasjerte å driva. I hovudsak har det såleis dreidd seg om koordinering og oppfølging av arbeidet i prosjektgruppa, møte- og rapporteringsarbeid, tekstarbeid til informasjonsbrosjyre, dagleg kontakt med rektorar og kommuneadministrasjon, politisk arbeid mot kommuneleiing samt trykk og distribusjon av materiell.

Å passa på at Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune fører ein god nynorskpolitikk og tek omsyn til språksituasjonen på Vestlandet i alle saker dei handsamar, har vore eit anna satsingsområde i Hordaland Mållag dette året – eit området der ein allereie har sett fleire singlar. (Dette kan lesa meir om seinare i årsmeldinga.) I samband med det har prosjektmedarbeidaren blant anna vore med på møteverksemd både hjå kommunen og med ulike instansar i fylket. Aktuelle tema har blant anna vore språkbruksplan og betring av kåra for nynorsk i kommunen, samt namngjeving og språklege retningslinjer i fylkeskommunen. Både før og etter har prosjektmedarbeidaren vore i dialog med fleire partar og særskilt mot fylkestinget har det vorte gjort mykje politisk lobbyarbeid. I forlenginga av dette stilte Aud Karin Oen, leiar i SV si fylkestingsgruppe, opp til eit intervju med prosjektmedarbeidaren med tanke på oppslag i Norsk Tidend når fylkestinget skal handsama ei språkleg prinsippsak i løpet av våren.

Av annan møteverksemd kan det også vera vert å nemna deltakinga på eit møte mellom mållaget og leiinga ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). Her vart det mellom anna sett fokus på HVL sitt forvaltingsansvar som nynorskinstitusjon og nynorsk i lærarutdanninga.

I tillegg skulle mållovsarbeidet verta ekstra relevant dette året då det viste seg at Bergen tingrett, som frå 2017 skal bruka nynorsk i all toverretta kommunikasjon, ikkje er gode nok til å retta seg etter Lov om målbruk i offentleg teneste. Mållovsansvarleg Erlend Bakke tok seg av det formelle arbeidet kring lovbrota og fekk assistanse til mellom anna pressearbeid frå prosjektmedarbeidaren.

Elles inneheld den daglege verksemda til prosjektmedarbeidaren som nemnd ei rekkje praktiske oppgåver knytt til organisasjonsarbeidet. Dette inkluderer mellom anna oppdatering av elektroniske og fysiske arkiv, kommunikasjonsarbeid for styret, mot medlemmer, politikarar, byråkratar og andre eksterne samarbeidspartnarar, assistanse for lokallag, samt organisering, planlegging og gjennomføring av møteverksemd og andre tilskipingar.

Av sistnemnde type tilskipingar som prosjektmedarbeidaren har delteke på, og vore med på å organisera, kan ein mellom anna nemna Årsmøtet i Hordaland Mållag 2017, Bergenskonferansen 2017, valmøte på Litteraturhuset i Bergen og Nynorskstafetten 2017. Særskilt Nynorskstafetten 2017 kan det vera relevant å dra fram her, då dette var eit høve der prosjektmedarbeidaren både fekk stifta nærare kjennskap til fleire lokallag og større innsikt i den praktiske realiteten i nynorskforvaltninga rundt om i fylket. Saman med ein representant frå Noregs Mållag og ein frå Norsk Målungdom, vitja prosjektmedarbeidaren

barnehagar, skular, vaksenopplæringscenter, ordførarar og kommuneadministrasjonar og fekk såleis sjå korleis ulike problemstillingar knytt til språk vert løyst på ulike stader og nivå i kommunen, samt vera med på å setja fokus på nynorsk på stader der dette ikkje er noko ein tenkjer på til vanleg. Her møtte ein både entusiasme og motløyse, men ein opplevde i stor grad at vitjingane førte med seg større medvit og kunnskap i miljøa der ein fekk sleppa til.

20. mai var det skulemålseminar på Gimle, etter initiativ frå Odda Mållag og HM var medtilskipar. Der hadde både målfolk, politikarar og skulefolk mange innleiingar. Møtet tok opp ulike sider kring nynorsk opplæringsmål og målstrid på desse områda.

I slutten av juni hadde HM ryddedugnad i kjellaren under kontoret, på lageret vårt. Der fann me mykje interessant arkivstoff. Mange var med, og me vart samde om å stifta ei arkivgruppe.

21. august var det duka for valmøte på Litteraturhuset i Bergen. Det var Odda mållag som tok initiativ til møtet som var eit samarbeid mellom dei, HM og NM. Åtte parti var inviterte og møtte opp, og så godt som alle forplikta seg til ein betre nynorskpolitikk. Nestleiar – no parlamentarisk leiar – i Venstre Terje Breivik sa at Venstre støtta alle målkrava. Han og Venstre støtta kravet om to jamstilte og obligatoriske eksamensstilar, kravet om lovfesting av 20 læremiddel på nynorsk for innvandrarar og kravet om retten til å få opplæring i eiga skriftspråkgruppe på ungdomssteget (Odda-modellen). Likevel må det kunna seiast at dei færraste av partia var svært konkrete i lovnadene sine.

24. august hadde me nytt strategimøte for skulemålsoffensiven der alle laga var inviterte. Her vart planane frå førre møte fylgde opp og vidare arbeidsoppgåver fordelte.

28. september hadde me eit vellukka møte med leiinga ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Leiar i NM, Magne Aasbrenn, var med på møtet i lag med ein delegasjon frå HM og Nils Mæhle frå Bergen Mållag. Høgskulen tok nynorsk alvorleg og hadde gode planar for å fylgja opp dette.

I oktober opplevde me nokre gjennombrøt når det mållovsarbeid og jamstelling. **Bergen tingrett** nyttar no nynorsk, noko prosjektarbeidaren var i radioen og avisa og snakka om, og alle nye vidaregåande skular i fylket, inkludert ein ny som vert bygd på Tertnes, skal ha nynorske nemningar i namnet – slik at det vert **Tertnes vidaregåande skule** og ikkje vidaregåande skole. Me ser at det nyttar å driva **mållovsarbeidet** som den utrøyttlege Erlend Bakke driv.

Same månad møte representantar frå NM, HM og Bergen Mållag med Bergen kommune. Her nytta mållaget høvet til å ta opp det pågåande byrådsarbeidet om ein plan for nynorsk i Bergen og kom med mange innspel til kva det er viktig å hugsa på i ei slik handsaming. Byrådet og skuleadministrasjonen i kommunen ville også gjerne høyra mållaget sine tankar om ei sidemålssatsing som vert utarbeidd i kommunen for tida, og som skal setjast i gang dei neste par åra.

11. november feira Meland Mållag 100-årsjubileum med middag og mykje godt program. Leiaren i HM, Astrid Olsen, var til stades.

Det var **landsrådsmøte i NM** i november. Leiar i HM var der. Mållagsmedlemene i Hordaland utgjer ein fjerdedel av heile NM, og me freistar difor å gjera oss gjeldande. Me tykkjer det er viktig å prioritera Hordaland som dessutan er det største nynorskfylket. Når me tapar terreng her så tapar heile målrørsla og nynorsken på landsbasis. At me lukkast i randsonene er avgjerande for nynorsk i framtida.

HM ynskjer at dette skal verta spegla i **arbeidsprogrammet til NM**. Me vil sikra at randsonearbeid vert prioritert, at det står om Bergenskonferansen for nynorsk i arbeidsprogrammet og at mållovsarbeid får ein viktig plass slik at NM sentralt prioriterer å jobba med dette frå skrivearstova. Difor har me ein del mindre merknader til arbeidsprogramframlegget.

9. desember hadde HM julekafe i Gimle i Bergen sentrum. Live Havro Bjørnstad snakka om skulemålslovsarbeidet, forfattar Helga Gunerius Eriksen las frå eigne bøker og Marta Nagel-Alne hadde innlegg om fantasysjangeren i barnelitteratur, relatert til masteroppgåva hennar. Programmet var godt, men det vart i praksis til innvortes bruk. Berre ihuga målfolk kom. Det var hyggeleg, og Solveig Grønlien hadde med ekstra gode kaker heilt frå Odda.

Målgåveaksjonen til HM gjekk som vanleg i desember. Me var litt uheldige, sidan Norsk Tidend skulle ut på same tid som me hadde tenkt å senda ut målgåvegiroane til alle medlemmer i HM. Skrivearstova i NM gjorde oss merksame på utsendingskollisjonen, og oppmoda oss om å venta litt med utsendinga vår. Det gjorde me sjølvstund då, og difor kom ikkje breva ut før heilt oppunder jul. Difor var det også ein god del av målgåvene som ikkje kom inn før i nytt budsjettår 2018. Men me fekk/får inn like mykje som året før.

Innhaldet i nynorskplanen som var eit utgangspunkt for møtet med Bergen kommune i oktober, vart gjort offentleg på nyåret. Dette viste seg å vera eit arbeid for å betra kårane for nynorsken i Bergen kommune og gjera det lettare som bergensar å vera nynorskbrukar. Innstillinga skal vedtakast i bystyret 21. februar. Innstillinga som ligg klar for bystyret har no ei rekkje tiltak som skal "sleppa nynorsken fri i kommunen", som det heiter i sakspapira, under tre hovudmål: Det skal vere enkelt å vera nynorskbrukar i Bergen, det skal vere enkelt å velje nynorsk i Bergen og begge målformer skal vere synlege i Bergen.

6. februar vart det skipa eit møte om denne saksinnstillinga, der Peder Lofnes Hauge, politisk rådgjevar i Bergen kommune og styremedlem i Noregs Mållag, kom og fortalde om korleis dei hadde jobba med saka i byrådet. Møtet var eit samarbeid mellom HM og Bergen Mållag.

Årsmeldingsdel frå skulemålsnemnda, ført i pennen av leiaren der, Oddvar Skre:

Skulemålsnemnda i Hordaland Mållag har hatt 8 møte i meldingsåret. I tillegg har styret og

nemnda hatt to samrådsmøte om skulemålsaksjonen, og representantar for HM og NM har hatt møte med Bergen kommune om ein handlingsplan for nynorsk i Bergen. HM sin fylkessekretær Live Havro Bjørnstad har skrive referat frå møta og vore med og organisert skulemålsarbeidet.

Hordaland Mållag vedtok på årsmøtet i 2017 ein langtidsplan for skulemålsarbeidet, utarbeidd, av tidlegare HM-leiar Øystein Skjæveland, og skulemålsnemnda har stort sett følgd denne planen. På oppstartsmøtet 22. april vedtok styret ein årsplan for skulemålsarbeidet 2017/18.

Kort sagt går denne planen ut på å aktivisera lokallaga i Bergensområdet for å kontakta dei språkdelte skulane om å få delt ut informasjon om nynorsk ved innskriving av førsteklasingar til skuleåret 2018/19, og til å informera om nynorsk på foreldremøte våren 2018. Innsatsen har stort sett vore retta mot dei språkdelte skulane i Arna, Fjell, Askøy, Meland, Lindås og Os (Nore Neset), i alt 18 skular. Skulemålsnemnda har i samråd med lokallag delt ut brosjyra «Vel nynorsk for barnet ditt» i desse kretsane gjennom skulen sin informasjon før innskrivinga, og på førskuledagen 2017 i Arna, Askøy og Fjell. Skulemålsnemnda har og gjort avtale med skulane om informasjon på foreldremøte våren 2018. Responsen har stort sett vore positiv, bortsett frå i Meland og Lindås kommune, og tilbakemeldinga tyder på at tiltaka så langt har gitt resultat (Askøy, Arna).

Skulemålsnemnda har og kome med innspel til styret i HM før møtet deira med byrådet om handlingsplanen for nynorsk i Bergen. Dette har resultert i at bystyret nyleg vedtok ein plan med fleire gode tiltak som skal gjera det lettare for foreldre å velja nynorsk, gjera nynorsken meir synleg i skule og barnehage, og å få i gang fleire forsøk med tidleg sidemålstart. Gjennom representantane for Studentmållaget i skulemålsnemnda har vi også levert innspel til HM og NMU om fleire målferder til språkdelte ungdomsskular og vidaregåande skular, for å bremsa målbyttet frå nynorsk til bokmål.

Årsmeldingsdel om mållovsarbeidet, ført i pennen av mållovsansvarleg i HM, Erlend Bakke:

Årsmøtet 2017 i Hordaland Mållag (HM) valde Erlend Bakke til å vera ansvarleg for mållovsaker i fylkeslaget. Han heldt difor fram arbeidet i det vervet, som lovene for HM ikkje nemner, og som årsmøtelyden difor ikkje naudsynleg skal velja kandidat til. I samsvar med tidlegare styrevedtak har den ansvarlege for mållovsarbeidet rett til å møta på styremøte i HM. Bakke har møtt på dei fleste styremøta i HM i 2017.

I 2017 skreiv mållovsutvalet i Hordaland Mållag brev til 14 statsorgan (stort sett regionale) om mogelege brot på dei målbruksreglane som lov om målbruk i offentleg teneste (mållova) inneber for statstenesta. Dei fleste breva – mange fleire enn 14 – var òg adresserte til Språkrådet. Noregs Mållag fekk til vanleg kopi av korrespondansen. Den omfattande korrespondansen som galdt klagar på målbruken ved Bergen tingrett – som fekk nynorsk som tenestemål frå 2017 – lyt trekkjast særleg fram her. Bergens Tidende skreiv om saka hausten 2017. Prosjektmedarbeidar Live Havro Bjørnstad representerte HM i oppslaget.

Bakke skreiv òg eit felles brev til lokallaga i HM og til nynorskcomunane (fylkeskommunen medrekna) i Hordaland fylke. Brevet galdt målbruken i den korrespondansen og dei administrative sakene som statsorgan fører med nynorskcomunane, og korleis lokallaga og kommunane vurderte stoda. Responsen var temmeleg laber, men alle fekk i minsto ei påminning om dei målbruksrettane som kommunane har andsynes staten. Mållovsutvalet skreiv til Hordaland fylkeskommune ved to andre høve, kvar gong om kvifor den nynorskbrukande fylkeskommunen bør utvida nynorskbruken ved fylkeskommunale institusjonar (til dømes vidaregåande skular) som ligg i Bergen kommune eller har verksemd der (til dømes ruteselskapet Skyss).

Fyrste gongen galdt det ei høyringsfråsegn, det vil seia «Høyringsfråsegn frå Hordaland Mållag om nye namn på vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune», dagsett 15. juni 2017. Andre gongen galdt det brevet «Kvifor kunngjer Hordaland fylkeskommune på bokmål når fylkeskommunen har nynorsk som administrasjonsmål?», dagsett 18. november 2017.

Høyringsfråsegna leidde seinare til gode vedtak for nynorsken på fylkestingsmøtet i oktober 2017, mellom anna vedtaket om at den samanslegne vidaregåande skulen Tertnes i Bergen kommune skulle få den nynorske nemninga vidaregåande skule (i staden for videregående skole). Fylkestinget vedtok i same møtet at ein òg skulle greia ut nye tiltak for nynorskbruken i fylkeskommunen.

Årsmeldingsdel frå Næringslivsnemnda, ført i pennen av Øystein Skjæveland.

Næringslivsnemnda har gjennom heile året levert inn namn på nynorskbrukande verksemdar til Noregs mållag. Namna er samla frå marknadsføring og lysingar i aviser og på nett, og frå skilting i butikkar. Noregs mållag sender så ut helsingbrev, "nynorskverksemd"-klistremerke og heftet "Blest" om nynorsk marknadsføringspråk til desse verksemdene. Dette går inn under mållaget sin kampanje "Nynorskverksemd", som mellom anna finst på instagram med emneknaggen #nynorskverksemd.

Verving og oppattskipping av lag har eigentleg vore ei prioritert oppgåve i HM. Me har auka medlemstalet i året som gjekk. No er me godt over 3700 medlemmer og 25 aktive lag. Det er over 20 år sidan me var så mange medlemmer. Det var og konkrete planar om oppattskipping av lag. I Vaksdal sette me opp ein dato og kontakta folk der. Men så kolliderte datoen med andre møte, så for få folk hadde høve til å møta. Dei som likevel møtte fram, hadde gode forslag til andre engasjerte målfolk i Vaksdal som me kan kontakta og prøva å få med neste gong.

Alt i alt har det vore eit svært aktivt år for Hordaland Mållag. Me er ikkje godt nøgde med at nynorsken tapar terreng i randsona. Men me har ei meir offensiv haldning til dette no, både i ord og handling. Dette hadde ikkje vore mogleg utan prosjektmedarbeidaren, Live Havro Bjørnstad.

Me bur i det største nynorskfylket i landet. Me er ein fjerdedel av heile mållaget. Me kan neppe overvurdera kor viktig det er med målstrid for nynorsk i Hordaland. Takk til alle som gjer sitt for nynorsken!